



Nordbohus Villanger & Sønner AS
Rune Kristoffersen
Kvassnesveien 45
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1922 - 16/8536

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
22.06.2016

Byggesak Gbnr 45/438 Manger - Riving av løe og oppføring av tre einebustadar i rekke - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 174/2016

Administrativt vedtak. Saknr: 174/2016

Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtaka i saka datert 19.08.14 og 03.06.15. Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredstillande tryggleiknivå og har identifisert attståande arbeid som følgjande:

- Ferdigstilling av VVA-anlegg Selfallet bustadfelt (mellombels bruksløyve er gitt 19.02.2010.)

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve mellombels bruksløyve for gnr. 45 bnr. 438 i Radøy kommune på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 22.06.2017.
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaming av mellombels bruksløyve:
Kode 10.2.8 Delt sakshandsaming (mellombels bruksløyve) kr. 2 700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskild løyve (jf. Pbl. § 20-1 d).

Skildring:

Adresse:	Selfallet 72 A – H0101 - seksjon 1
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Einebustad/300514843
Bruksareal:	118 m ²
Avløp:	Privat tilknytning
Vatn:	Offentleg tilknytning
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Selfallet 72 B – H0101 - seksjon 2
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Einebustad/300514806
Bruksareal:	118 m ²
Avløp:	Privat tilknytning
Vatn:	Offentleg tilknytning
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Selfallet 72 C – H0101 - seksjon 3
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Einebustad/300514846
Bruksareal:	118 m ²
Avløp:	Privat tilknytning
Vatn:	Offentleg tilknytning
Tal på røykløp:	1

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Nordbohus Villanger & Sønner AS Kvassnesveien 45 5914

ISDALSTØ